



Gjermund Fredheim, musikklærer og konsertarrangør, hadde ein sentral rolle på juleavslutninga på folkehøgskulen.

Vi kjenner Gjermund Fredheim som klassisk gitarist med konsertar i inn- og utland. Tredje året på rad har Gjermund vore musikklærer på Sunnhordland folkehøgskule. Før det var han tilsett i Kvinnherad kulturskule. På avslutninga før jul hadde Fredheim ein sentral rolle som instruktør og arrangør på julekonserten i Kulturløa. Skulekoret og musikklina stod for framføringa.

Framføringa på Halsnøy Kloster på måndag var sjølvvalde julelåtar av elevane, alt frå Nordnorsk julesame av Trygve Hoff via Jul i svingen til rock og meir jazzprega julemusikk. Den tradisjonelle julemusikken med til dømes White Christmas var også ein viktig del av konserten. Over 30 elevar gjekk ut og inn på scenen, nokre berre på vokal, andre trakterte eit uttal av instrument. Vi talde 15 ulike instrument på scenen.

Gjermund Fredheim har ein 70 % stilling på folkehøgskulen. Resten av stillinga vert nytta til turnear i regi av skulekonsertane. I tillegg har Gjermund band innan sjangeren rock.

Det er god drift på Sunnhordland folkehøgskulen dette året med nær på 100 elevar. Tomta til nybygg er gjort klar. Det skal bli eit internat for 2. års elevar.

Tekst/foto/ nett: Kristian Bringdal



Gjermund Fredheim midt i flokken, eit av mange band og ensemble.